



**Klepp MDG**

**Valprogram 2023 - 2027**

## For mennesker og miljø

Me stifta lokallaget til Miljøpartiet Dei Grøne her i Klepp fordi me ville bidra til ein aktiv miljøpolitikk i kommunen. Me har eit hjarte som bankar for framtidsretta løysingar på dei store natur- og klimautfordringane i dagens samfunn. Derfor vil me gje veljarane i Klepp høve til å stemma på det partiet i Noreg som set natur og klima i førarsete. Me ynskjer ein kommune med gode berekraftige løysingar både for unge, gamle, natur, landbruk og næring.

Godt val!

Helsing Klepp MDG

## Møteplassar og mangfald

Me vil at Klepp skal vera ein mangfaldig kommune, både for mennesker, dyr og natur. Sentrum bør vera ein hyggeleg stad med handel, kultur, restaurantar, drøs og blomar. Innbyggjarane må få informasjon i klart språk slik at dei kan gje innspel til saker tidleg.

### **Klepp MDG vil:**

- Skapa gode møteplassar på tvers av generasjonar
- Leggja til rette for parselhagar
- Laga grønne møteplassar i sentrum, som bidreg til fellesskap og aktivitet
- Ha meir blomar og ville insekt i Klepp
- Ha spiselege vekstar i offentlege rom
- Bidra til meir medverknad frå innbyggjarane

## Landbruk og næring

Rogaland er eit matfylke. Likevel importerer me store mengder mat og fôr, og har låg grad av sjølvberging. Me vil ha ein matproduksjon basert på norske ressursar. Me vil leggja til rette for landbruk og næring som tek omsyn til naturmangfald og klimautfordringane.

### Klepp MDG vil:

- Stoppa nedbygging av matjord i Klepp
- Ha ein matproduksjon som kan produsera nok mat, med så låg belastning på natur og miljø som råd er
- Arbeida for eit næringsliv som spelar på lag med folk, klima og natur
- Støtte grønt næringsliv, tryggleik gjennom endring



## Skule og barnehage

Dei Grøne ser det som svært viktig at skulen legg til rette for at kvar elev får utvikla det personlege potensialet sitt som menneske. Me vil at det skal vera større handlingsrom og ressursar til å ha ulike aktivitetar i klassane. Klepp bør vera ein kommune med rom for ulike barnehagar, både i storleik og innhald.

### Klepp MDG vil:

- Fjerna karakterpress i skulen
- Dyrka mangfaldet og løfta barna
- Gje elevar minst ein time fysisk aktivitet kvar dag
- Innføra gratis mat i skule og barnehage
- Ha leksefri skule

## Kultur og fritid

Miljøpartiet dei grønne støttar eit rikt kultur-, idretts- og friluftsliv. Me meiner kultur skapar livskvalitet og bidreg til identitet, samhald, demokrati, glede og kreativitet. Dei Grøne vil satsa på friluftsliv og idrett for å fremja helse og aktivitet. Idrett samlar folk på tvers av generasjonar og kulturar. Idretten må vera tilgjengeleg med låge kostnader slik at alle har høve til å delta. Gjennom friluftsliv blir nærleik til naturen fremja, og forståing for at me alle har eit ansvar for å ta vare på denne.

### Klepp MDG vil:

- Ha opne haller i ferier
- Gje gode fritidstilbod til alle barn og unge i Klepp
- Lyfta fram og ta vare på kommunen sine kulturminne
- At det vert brukt miljøvenlege material på leike- og idrettsplassar
- At lågterskeltilbodet til barn og unge styrkes
- Arbeida for meir gjenbruk, reparasjon og redesign

# Helse og velferd

Dei Grøne vil bidra til å skapa ei framtid med mindre stress, forbruks- og prestasjonsjag og med meir tid til kvarandre. Dei Grøne vil særleg investera i den fysiske og psykiske helsa til unge. Me vil ha ein større toleranse og unngå stigmatisering. Me vil at kommunen skal bidra til betre helse gjennom fysisk aktivitet, sunn mat og sosiale lag.

## Klepp MDG vil:

- Bruka mat som helsefremjande tiltak. Me ynskjer at det skal serverast mat laga lokalt i alle kommunale institusjonar og verksemder.
- Redusera barnefattigdom
- Arbeida for betre livskvalitet for vanskelegstilte i Klepp
- Brukaren skal møtas med respekt, tryggleik og psykisk omsorg.
- Styrka lågterskeltilboda innan rus, psykiatri og helsestasjonstenesta.





## Topp 3 Klepp MDG



1. Dina Friestad (1974) - Bustadkonsulent
2. Thorbjørg Isafold Kristjansdottir (1958) - Kulturkonsulent
3. Yassin Suleiman (1972) – Student/Næringsdrivende

**Les meir om Miljøpartiet dei grøne sin politikk på [mdg.no](https://mdg.no)**